Fædrelandsvennen

Cultiva med betalingsstopp

Side 9 Del 2



Skryter av Barnehuset

Side 5 Del 1

Bistandsadvoka Sveinung Johnsen, sorenskriver Yngve Svendsen og politiadvokat Ingrid Thorsen

ANNONSE

Maja`S
Drop in
www.majas.no

FREDAG 22. JANUAR 2010 | NUMMER 18 | ÅRGANG 136 | LØSSALG KR. 20,- | WWW.FVN.NO | Tips oss på **03811**

## Reagerer på fylkesmann Ann-Kristin Olsen

# – Vi vil noe. Bruk oss!



**KRISTIANSAND:** F.v. Ilse van Lingen, Anne Cathrine Kaarmo, Edna Marie Birkeland, Linda Stiberg-Jamt og Kamilla Sharma er deltakere i karriereutviklingsprogrammet Female Future. De satser både på familie og lederjobber. FOTO: KRISTIN ELLEFSEN

Kvinnene i Female Future er fulle av ambisjoner. De er kraftig lei av å høre om kvinner som ikke kan eller ikke vil. – Slutt å overfokusere på det negative! er budskapet.

**Side 8-9 Del 1**

# Folket sa ja til Evje-planar

Folket si røyst i Evje og Hornnes er høyrt om planane for sentrum. Det blei ja i det som er eit rekordforsøk i folkestyre.

**Side 2–3 Del 1**



**SENTRUMSPLANAR:** Erling Okkenhaug og Arne Sødal frå firmaet Allgrønn la fram planane i går. FOTO: TORSTEIN ØEN

Ukens Go'helg-produkt
fredag og lørdag




Fast Go'helg-pris
14,90 pr. pakke
Krydret filetkotelett av svin
2x120 g pr. kg 62,08
Gjelder så langt beholdningen rekker.
Kun til private husholdninger.
KIWI mini pris

7 054480 000015

# Nyheter

**IVELAND**

## Næringslivet på nett

Det er opprettet ny nettside i Iveland: www.ivelandsfirma-.no. Her kan den som er interessert finne oversikt over alt det som lokalt næringsliv kan tilby innenfor Iveland kommune. – Nivået for å bli omtalt på ivelandsfirma.no skal ikke være særlig høyt, sier næringsrådgiver Egil Mølland.

**KVINESDAL**

## Langrennsgolf

Nå kan også skifolket innta golfbanen ved Utsikten, og det uten først å ta grønt kort-kurs. Det er Knaben IL som kjører opp skiløyper på golfbanen. Idrettslagsleder Aud-Gunn Konsmo opplyser at det også er kjørt opp fine skiløyper ved Kvinesdal stadion og i lysløypa i Årli.

## Innhold:

■ = Tekstsider ■ = Annonsesider

### Del 1


| | |
|---|---|
| Nyheter | s. 2-14 |
| Rondtforbi | s. 6-7 |
| Næringsliv | s. 15 |
| Norge og Verden | s. 16-18 |
| Stilling ledig | s. 19 |
| Utdanning / kurs | s. 19 |
| Arbeid utføres | s. 21 |
| Sport | s. 22-28 |


### Del 2


| | |
|---|---|
| Mening | s. 2-3 |
| Kultur | s. 4-9 |
| Debatt | s. 10-11 |
| Dagens mix | s. 12-13 |
| Familie og venner | s. 14-16 |
| Dødsfall | s. 17 |
| Kunngjøringer | s. 21-22 |
| Torvet | s. 18 |
| Dyr og utstyr | s. 18 |
| Biler | s. 18 |
| Motorsykler | s. 18 |
| Båter | s. 18 |
| Eiendom | s. 19 |
| Til leie / Ønskes leid | s. 19 |
| Tro og livssyn | s. 22-24 |
| Foreninger / lag | s. 24 |
| Underholdning | s. 24 |
| Kino / Teater / Konsert | s. 24-25 |
| Radio og tv | s. 26-27 |
| Været | s. 28 |



**Du treffer oss på:**

**03811**

Annonse · Tips · Abonnement · Sentralbord

**Annonse:** TAST 1
Forretningsannonser - Private rubrikkannonser - Annonser for foreninger, lag og kunngjøringer.
E-post: kundesenter@fvn.no

**Abonnement:** TAST 2
Bestilling av abonnement - Uteblitt avis - Adresseendring
E-post: kundesenter@fvn.no
Fax: 38 11 34 01

**Tips:** TAST 3
Tips til redaksjonen.
SMS og MMS: 03811
Fax: 38 11 32 01 E-post: tips@fvn.no

Redaksjonelle lokalkontor:
Kristiansand Torvet: 03811
Mandal: 38 27 17 42 Lyngdal: 38 33 10 42
Lillesand: 37 26 91 50 Valle: 37 93 71 03

**Sentralbord:**
Vi hjelper deg med det meste!
Fax: 38 11 30 01 E-post: 03811@fvn.no

Fædrelandsvennen
Postadresse: P.b. 369, 4664 Kristiansand
Adr.: Svanedamsveien 10, Fiskåtangen


# Rekordforsøk i

## Utforminga av Evje sentrum var oppe til røysting i går

I går røysta innbyggarane i Evje og Hornnes over korleis det skal sjå ut i Evje sentrum. Lokalpolitikarane meiner dei har utvikla ei unik form for folkestyre.

**EVJE OG HORNNES**
EVJE

– Dette har vore ei heilt ny oppleving. No håpar eg at vi har laga ein «evjemodell» for heile landet, sa ordførar Bjørn Ropstad til Fædrelandsvennen før folkemøtet i går kveld.

Folkemøtet sa ja til forslaget om korleis det skal sjå ut i sentrum. Ropstad og den innleigde plangruppa meiner dei har sett noregsrekord i lokaldemokrati.

– Det er ein sensasjon det som har skjedd. Det er ikkje nokon norsk kommune som har fått så mange innspel og hatt ein så demokratisk prosess, seier Erling Okkenhaug i firmaet Allgrønn.

**FOLKESTYRE.** Då ordføraren gjorde seg klar til folkemøtet, var planane for sentrum enno ikkje komne frå trykkeriet. Det har nemleg vore intens arbeid siste veka og Bjørn Ropstad er overtydd om at det er folkeviljen som har fått råde.

Dei siste dagane har det vore møte med både skuleelevar, barnehagar, næringsdrivande og grunneigarar.

På folkemøtet på mandag møtte nærare 150 bygdefolk og 30 av dei tok ordet og sa si meining. I det lokale forsamlingshuset har 200 vore innom for å seie si meining om korleis sentrum skal bli.

Så har lokalpolitikarar og fagfolk forma ut forslaget som vart presentert i går kveld.

**FOLKEMØTE.** «Hyttefolk som skal handle er ikkje opptatt av grønne tiltak i sentrum» står det mellom lappane som heng bakerst i lokalet Furuly.

Og konflikten mellom parkeringsplassar og grøne område har då også vore ein av dei store konfliktane denne veka. Det same gjeld spørsmålet om det skal vere hovudvekt av store eller mindre bygg i sentrum.

Under folkemøtet i går heldt striden fram. Parkeringsplassar er flytta frå dei mest sentrale områda. Det er blitt park på den mest sentrale parkeringsplassen framfor sentrumsbygget.

Delar av handelsstanden og grunneigarar heldt seg heime i går kveld fordi dei ikkje ville bidra til ei altfor hissig stemning på møtet. Dei er rykande usamde i delar av planen.

– Det har vore ein open og demokratisk prosess, det har ikkje vore noko å seie på det. Men her er det konfliktområde og handelsstanden opplever at fagfolka ikkje har hatt vilje til å lytte til våre argument. Dei har lova å kome med konstruktive løysingar, men dei kom jo ikkje før i kveld. Det er for seint, seier Torgeir Erdvig, ein av grunneigarane i sentrum.

**FLEIRTAL.** Men planane som var oppe til avrøysting fekk altså solid fleirtal med 116 som sa ja og kun 10 som røysta nei.

– Hvis de røyster nei til denne planen no, så vil det berre kome ein ny plan. Og den vil vi ikkje ha nokon innverknad på, sa Marianne Dovland før avstemminga.

Ho er grunneigar i sentrum og er av dei som støttar planen. Ho meiner at folkemeininga er følgd. Eit anna spørsmål er kva som skjer i framtida når både utbyggarar og vegvesen skal forholde seg til dei nye planane for Evje sentrum.

– Eg har tiltru til at det er denne retninga som blir følgd. Men vi må nok vere budde på å ta nokre omkampar.

Torgeir Erdvig stemde også ja, men det var under sterk tvil.

Planane som vart vedtekne i går er ikkje fritekne frå den vanlege prosessen. Planen er noe in reguleringsplan som skal ut på høyring og den skal bli vedteken i kommunestyret.

Tekst: **Kjetil Reite**
kjetil.reite@fvn.no - 38 11 33 52

> **Dette har vore ei heilt ny opplevinG. No håpar eg at vi har laga ein «evjemodell» for heile landet.**
>
> **Bjørn Ropstad**, ordførar i Evje og Hornnes.



**FAKTA**

**Plansmie**

- Fagfolk, politikarar og innbyggarar har denne veka jobba med korleis Evje sentrum skal sjå ut i framtida.
- Handelsstand, skular og barnehagar er blant dei som har kome med innspel. I tillegg har dei som vil fått kome til samfunnshuset med sine meiningar.
- Det har blitt halde to folkemøte i løpet av den siste veka.
- Innleigde fagfolk har jobba samen med lokalpolitikarar for å samle inn alle innspela. Dei har så laga framlegg til ein plan som vart presentert i går kveld.

## Miljøgate p

Hovudvegen forbi Evje skal gjerast om til miljøgate og fartsgrensa skal vere 50 km/t.

Dermed blir det ikkje noko av planene om tunnel. Men føremålet er framleis at fleire skal stanse på Evje og at det skal bli betre kontakt og utsikt til elva.

Dette er noko av det som ligg i planane for sentrum. Elles er dette noko av det viktigste i dei nye planane der det vert opna for 1000 nye innbyggarar:

- Det blir framleis mogleg å køyre gjennom sentrum, men det blir rundkøyring i nordleg



OSLO

## Aust og vest hos Navarsete

Utvalg fra Aust- og Vest-Agder møtes i dag hos kommunal- og regionalminister **Liv Signe Navarsete**, for å diskutere fylkessammenslåing. De skal blant annet diskutere økonomi, og om de kommer til å miste en stortingsrepresentant.



KRISTIANSAND

## Dalane-beboere krever vei – nå!

Agder Energi er i ferd med å grave for fjernvarme på **Dalane**. Samtidig venter beboere utålmodig på en trafikksikker avkjøring fra riksveien, som også vil betjene 100 arbeidsplasser. – Det er misbruk av offentlige midler hvis en ikke samtidig ser på en løsning for å bedre trafikksikkerheten, sier talsmann Edmund K. Ness, uten at veivesenet ser ut til å agere foreløpig.

# i folkestyre

### Ordføraren håpar på ein «evjemodell» for heile landet



**FOLKERØYSTING:** Hovudtrekka for planane for Evje sentrum var oppe til avrøysting på folkemøtet i går og fekk suverent fleirtal. Plan- og miljøarbeidar Kari Røynlid samlar her inn røystesetlar FOTO: TORSTEIN ØEN



**FOLKEMEININGA:** Dei siste dagane har folk kome til plansmia med sine forslag. Over 200 har vore innom. FOTO: TORSTEIN ØEN



**MØNSTERKOMMUNE:** Tidlegare ordførar Asbjørn Kjetså (Ap), meiner Evje og Hornnes alt er ein mønsterkommune. – I 1960 vart det spådd at folketalet ville gå ned med tusen innbyggarar, men det har ikkje skjedd, sa han. FOTO: TORSTEIN ØEN



**FLEIRTAL:** 116 røysta ja til planane som rett nok var ganske vagt formulerte. FOTO: TORSTEIN ØEN

## på riksveg 9

del. På denne måten skal det bli lettare å lokke folk til sentrum.

- Det lafta infosenteret i sentrum skal flyttast og erstattast av eit signalbygg. Dette kan vere eit kulturhus eller rådhus. Hotel Dølen kan utvidast slik at det blir fleire overnattingssteder.
- Den store parkeringsplassen framfor sentrumsbygget vert bygd om slik at det midt på plasssen vert laga ei forhøgning som er skjerma og som kan nyttast til grøntareal.
- Det blir tre avkøyringar frå miljøgata og inn til sentrum. I tillegg vert det fotgjengarfelt og ein undergang slik at det blir lettare å kome seg til elva. Markert bygg i enden av parkeringsplassen ved sentrumsbygget, i området ved banken. Kan mellom anna nyttast til hotell.
- Det vert fleire parkeringsplassar i sentrum, men ein del av parkeringsplassene blir flytta til bak sentrum.
- Det skal i hovudsak vere småbygg i sentrum. Men det vert opna for at to av bygga som er der i dag (Coop og Kiwi) skal kunne utvidast.

